



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 26/1588
ArkivID: K1-033, K3-&16
Saksbehandlar: Tor Arthur Hagen

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Søknad om fritak frå politiske verv

Vedlegg:

17.08.2026

Søknad om fritak frå politiske verv

320245

Tilråding

Emmy Sagahaugen får innvilga fritak frå sine politiske verv frå dags dato og ut valperioden.

Som nytt varamedlem til formannskapet og valstyret blir vald:

(ingen innstilling)

Bakgrunn for saka

Emmy Sagahaugen søker i e-post av 16. august om fritak frå sine politiske verv frå og med 1. september 2026.

Søknaden er grunna i ein samla totalbelastning som har auka vesentleg over tid.

Saksopplysningar

Sagahaugen er medlem i kommunestyret og kommunestyrekomite for opplæring og kultur, og varamedlem til formannskapet og valstyret.

Fritak kan heimlast i kommunelova § 7-9 der det m.a. står:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden.»

Om Sagahaugen får innvilga permanent fritak, må ho erstattast.

Opprykk, nyval og suppleringsval til kommunestyret er regulert i KommuneLova § 7-10:

"[...] Hvis medlemmer av kommunestyret, fylkestinget eller direkte valgte kommunedelsutvalg trer endelig ut, og de er valgt ved forholdsvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt. Hvis medlemmer av kommunestyret trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen de er valgt. [...]"

Signe Marie Skammestein vil automatisk tre inn som nytt fast medlem i kommunestyret.

Når det gjeld varamedlem til formannskapet og valstyret, er dette regulert i same paragraf:

«[...] Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité, fylkestingskomité eller direkte valgt kommunedelsutvalg trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn. [...]»

Det gjeld særskilte reglar for kommunestyrekomitéar. I § 5-9 heiter det m.a.:

«Hvis et medlem trer ut av kommunestyret eller fylkestinget, skal det nye medlemmet i kommunestyret eller fylkestinget overta komitevervet til det forrige medlemmet.»

I kommentarutgåva er det presisert at dette gjeld om medlemmet trer endeleg ut:

«Dette er en særregel i forhold til det som ellers gjelder i de tilfeller et kommunestyre- eller fylkestingsmedlem trer endelig ut av et annet folkevalgt organ enn kommunestyret eller fylkestinget, nemlig at det skal foretas nyvalg, selv om det er valgt varamedlem, se § 7-10 fjerde ledd.»

Signe Marie Skammestein er medlem av kontrollutvalet.

I § 7-3 heiter det m.a.:

«[...] Medlemmer og varamedlemmer av kontrollutvalget kan ikke velges som [...] medlem eller varamedlem av kommunestyrekomite eller fylkestingskomite.»

I kommunen sitt reglement for kommunestyrekomiteane heiter det i § 01 m.a.:

«Komiteane er heimla i kommunelova § 5-9, og er sett saman slik at alle kommunestyremedlemmene utanom ordførar og medlemmar/varamedlemmar til kontrollutvalet skal sitte i ein komite. Ordførar har møte-, tale- og forslagsrett i alle komiteane.»

Alle medlemmene i kommunestyret (utanom ordførar og medlemmer/varamedlemmer til kontrollutvalet) sit per i dag anten i ein komite eller i kontrollutvalet. Det er difor ikkje att valbare kommunestyremedlemmer til kommunestyrekomiteen.

Vurdering

Det er kommunedirektøren si vurdering at Sagahaugen fyller krava til fritak frå politiske verv.

Signe Marie Skammestein trer inn som nytt fast medlem i kommunestyret. Dette følgjer av lov, og treng ikkje vedtak i kommunestyret.

I utgangspunktet skulle Skammestein då også – etter § 5-9 i kommunelova – automatisk gått inn som nytt fast medlem i kommunestyrekomiteen, men dette kan ho ikkje, sidan ho er medlem av kontrollutvalet.

Sidan det ikkje er medlemmer i kommunestyret som kan veljast inn i kommunestyrekomiteen, meiner kommunedirektøren at det vil vere rett at det ikkje blir vald nytt medlem til kommunestyrekomiteen.

Kommunestyret må også velje nye varamedlemmer til formannskapet og valstyret.